



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Innkalling til møte i Radøy sokneråd

Tid: 10.06.2015 kl. 18:00 - 20:00
Stad: KYRKJEKONTORET, MØTEROMMET

Forfall må meldast snarast.
Varamedlemar møter etter særskilt innkalling.

Meldingar og referatsaker:

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Manger kyrkje
- Møte i administrasjonsutvalet
- Betalingsterminal
- Gjevartenesta
- Pilegrimsleia

Sakliste:

Saksnr	§	Sakstittel	Arkivkode
2015/12		(F) Søknad om flytting av gravminne til museumsområdet	514.0
2015/13		(F) Bøvågen områdeplan - uttale.	561.0

KYRKJEKONTORET, den 03.06.2015

Simon Walther Grandahl
Leiar

Audun Sylta
Sekretær

2015/12 (F) Søknad om flytting av gravminne til museumsområdet

UTREDNING

Det har koma søknad om å få flytta eit gravminne på Sæbø kyrkjegard til museumsområdet.

Jeg viser til hyggelig samtale i forrige uke [...] og tillater meg på vegne av familien og min far, Rasmus M. Nordanger (03.08.30), å søke om å få flyttet Johannes R. Nordanger sin gravsten til museumsplassen. Plasseringen i dag er 06.C.03.12.

Begrunnelsen er at denne stenen er en bauta som er unik og ikke finnes maken til på kirkegården. Vi - jeg er fullmaktshaver for min far - har mottatt faktura (nr. 3246) vedrørende fornying av festeavgiften frem til 2024.

Etter å ha konferert med øvrig familie, har vi kommet til at det ikke er aktuelt å forlenge gravfestet. Vi håper på positivt svar og hører gjerne tilbake når søknaden er ferdigbehandlet. [...]

*Vennlig hilsen
Terje Nordanger*

§9 av kyrkjegardsvedtektene for Radøy omhandlar vern av gravutstyr og gravminne. Desse kriteria skal brukast når det vert vurdert om ein stein skal flyttast til museumsområdet:

- Gravutstyr som er unikt, dvs. det som ein ikkje fin maken til på kyrkjegarden.
- Gravutstyr med stor kunstnerisk eller handverksmessig verdi.
- Gravminne av lokalt materiale eller som er tilverka lokalt.
- Gravminne som har personalhistorisk verdi.
- Gravutstyr som representerar stilhistoriske periodar.

Både administrasjonen og kyrkjegardsarbeidarane har vore på synfaring i samband med søknaden. Gravminnet er ikkje unikt då det finst to like steinar andre stadar på kyrkjegarden. Her er det riktignok brukt anna skrift og fargar, men den fysiske utforminga er lik. Gravminnet representerar ein stil som ikkje lenger er i bruk. Dette kan gje grunnlag for å bevare gravminnet på museumsområdet. Dersom denne stilen skal verta representert på museumsområdet, er det denne steinen som er i best stand, sjølv om dei andre er av nyare dato (1990-åra).

Det er soknerådet som gjer endeleg avgjerd om ein stein skal beverast eller ikkje. Etter ei vurdering av kriteria for bevaring, er administrasjonen og kyrkjegardsarbeidarane usikre på om steinen bør koma på museumsområdet. Vi vil likevel under tvil tilrå soknerådet å innvilge søknaden, dersom rådet ynskjer at stilen bør vera representert på museumsområdet.

INNSTILLING

Soknerådet ynskjer å støtte søknaden. Steinen vert montert på museumsområdet i Sæbø, og Radøy sokn overtek ansvaret for steinen. Grava der steinen stod vert frigjeve.

2015/13 (F) Bøvågen områdeplan - uttale.

UTREDNING

Radøy kommune har starta arbeidet med å lage områdeplan for Bøvågen. Føremålet med planen er å utvikle tettstaden Bøvågen med fleire heilårsbustader og servicetilbod. Formannskapet gjorde 26.03.2015 vedtak om at planen skulle leggjast ut på ettersyn, jf plan- og bygningslova § 12-11. Merknader til planframlegget må sendast Radøy kommune innan 11.06.2015. Planen med vedlegg/kart er lagt ut på kommunen sine heimesider:

<http://www.geoweb.no/braplan/planInnsyn.jsp?kildeid=1260&planid=12602012000900>

Parkeringstillhøva ved Hordabø kyrkje er ikkje optimale. Når det er mykje folk i kyrkja, på konsertar og i ein del gravferder, er parkeringsplassen for liten. Dei som skal til kyrkja parkerer langs vegen og på P-plassen til butikken. Dette er lite tilfredstillande for alle involverte.

Vi har i samband med planprosessen kome med innspel til kommunen med ønske om å få sett av større plass til parkering. I framlegg til 1.gongs høyring og offentleg ettersyn har Radøy kommune lagt inn nytt parkeringsareal sør for kyrkja, på vestsida av fylkesvegen. Det er positivt at kommunen har kome oss i møte i forhold til ønske om parkeringsareal.

Tiltenkt parkering er på matrikelnr. 1260-24/305 som er eigd av Sylvia Lund og Johan Lyng. Vi har tatt kontakt med grunneigar for å avklåre kor vidt dei ynskjer å selje arealet. Dei overtok eigedomen i august 2012 og har så langt gjort mykje arbeid med opprusting av huset. Dei har også planar for utearealet og ynskjer ikkje å selje uansett føremål. Dersom vi skal få tilgang til eigedomen må det truleg ekspropierast.

I vår kommunikasjon med kommunen har vi peika på arealet som ligg mellom fylkesvegen og Bøtjørna. Eigar er Radøy kommune. Ulempen med dette er at folk må krysse vegen når dei skal i kyrkja. På den andre sida foregår parkeringa her no også. I tillegg er det ein del som nyttar parkeringsplassen ved butikken.

Dersom det vert opparbeida parkering på austsida av fylkesvegen, burde det vera mogeleg å organisere dette på ein god måte ved å legge til rette for kontrollert kryssing av vegen. Det vil slik vi ser det verta ei stor forbetring i forhold til dagens situasjon. Kyrkja vil ha bruk for denne plassen anslagsvis 20 - 25 dagar i året. Det vil vera mogeleg å nytta plassen til offentlege eller eventuelt andre føremål resten av året.

Radøy sokneråd

Slik vi ser det er det ulemper ved begge alternativa. Ei eventuell ekspropiasjonssak er avhengig av at kommunen reiser sak og får medhald. Det er uansett ein prosess som vil ta langt tid og ha eit usikkert resultat. Det er viktig å finna løysingar som kan realiserast innan rimeleg tid og med lave kostnader.

Vi vil derfor kome med merknad til plassering av planlagt parkeringsareal og ber om at det vert lagt på offentleg grunn mellom fylkesvegen og Bøtjørna.

INNSTILLING

Radøy sokneråd ber om at planlagt parkeringsareal ved Hordabø kyrkje vert lagt på offentleg grunn mellom fylkesvegen og Bøtjørna.